

Stine Osa Karlsen og Ole Magnus Dalland
Dalland 40
5936 MANGER

18.06.2014

Radøy kommune
v/Rådgjever skule og oppvekst Helge Vallestad
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

KLAGE PÅ ENKELTVEDTAK MED AVSLAG PÅ SØKNAD OM FRI SKULESKYSS

Me vil med dette klaga på enkeltvedtaket med referanse 14/299-14/6607, som gjeld avslag på søknad om fri skuleskyss for Magnus Osa Dalland, f. 21.02.07, grunna særleg farleg skuleveg.

Me meiner det ikkje er grunnlag for å konkludera med at skulevegen ikkje er særleg farleg på bakgrunn av ei nemnd som vurderte skulevegane i dei ulike skulekrinsane i Radøy kommune så langt tilbake som i år 2000 (sak 09/00).

Dei konkluderte den gong med at skulevegen mellom Dalland og Manger skule ikkje vart rekna som særleg farleg.

Trafikkmønsteret på strekninga tør me påstå har endra seg ein del på 14 år. (Me viser til opplysningane i søknaden vår om gratis skuleskyss, vedlegg 1.) Me tenkjer også at innhaldet i ordet «trafikkfarleg» har endra seg ein del.

I enkeltvedtaket står det også at "Store delar av vegnettet i Radøy er i ei slik forfatning at det kan *opplevast* som farleg å ferdast der". Det ikkje berre oppleves farleg. Det er farleg. Me søker om gratis skuleskyss for ein gut som skal ta til i 2. klasse, og som ikkje har opparbeida seg den kompetansen som trengs for å kunne ferdas så trygt som mogleg i trafikken som her gjeld 80-sone med halvanna vegbane. Og med det kjøremønsteret me opplever på strekninga, er me redde for å sende han i veg på skulen.

Me vil derfor påklaga enkeltvedtaket om skuleskyss med ref.: 14/299-14/6607 til Fylkesmannen, jfr. Opplæringslova §15.2.

Med helsing



Stine Osa Karlsen & Ole Magnus Dalland